



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Meland kommune

**Deres ref.:**

**Vår ref.:**

18/00061-002

**Vår sakshansamar.:**

Anne Sofie Nergård  
Uthaug

**Arkivkode:**

111

**Dato:**

03.11.2018

## Innspel frå Meland sokn – budsjett og økonomiplan

### Innhald

Drift 2019-budsjettet:.....	2
Generelt om driftstilskotet til kyrkja .....	2
Driftstilskot: Prioritert liste over inndekking av kostnadsauke og framlegg til nye tiltak frå kyrkja .....	4
Kommmentarar til dei einskilde tiltaka: .....	4
Investering 2019 .....	5
Tiltaka i kommunen sin investeringsplan vert her kort kommentert: .....	6
Innspel til økonomiplan 2019-2022.....	6
Kommentar til einskildtiltaka: .....	6
Vedtak:.....	7

---

**Adresse:**

Postboks 117

**Tlf/faks**

Tlf: 56171480

Faks: 56171481

**E-post/Internett:**

post@melandkyrkja.no

[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

**Bankkonto / Org.nr.:**

9999.99.99999

976 995 406



# DEN NORSKE KYRKJA


Meland sokneråd

## Drift 2019-budsjettet: Generelt om driftstilskotet til kyrkja

Vi vil endå ein gong peike på at tilskotet til kyrkja har vist ein klar nedgang i høve til samla kostnader i kommunen gjennom mange år. På 15 år har prosenten av netto driftsutgifter i kommunen gått ned frå 1,6 til 0,9 % (sjå figuren). Samanlikning med andre kommunar er heller ikkje til fordel for Meland.

Driftstilskotet dekker ikkje den faktiske kostnadsauken Meland sokn har hatt. Kyrkja har dei siste åra berre vorte tilgodesett med kompensasjon for pris og lønnsvekst. Men elles har ingen av kyrkja sine framlegg til ekstra tiltak eller dekning for auka driftskostnader kom med frå budsjettutkasta. For kyrkja i Meland betyr dette i praksis stillingsstopp og ingen nye tiltak dekt av kommunen.

### Netto driftsutgifter til kyrkja i % av netto driftsutgifter i kommunen (Kjelde SSB, kirke, nøkkeltall)



Adresse:  
Postboks 117

Tlf/faks  
Tlf: 56171480  
Faks: 56171481

E-post/Internett:  
post@melandkyrkja.no  
[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

Bankkonto / Org.nr.:  
9999.99.99999  
976 995 406




# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Dette er litt spesielt i ein periode der kommunen har vokse kraftig og drifta på kommunalt plan har gått vesentleg opp. Viss ein samanliknar med andre kommunar i Nordhordland ligg Meland lågast av alle, også i dei tre Alverkommunane. Dette er det same viss ein ser på kronesum pr innbyggjar. Meland ligg lågast med 547 kroner pr innbyggjar til kyrkja. Den nest nederste på lista er Lindås med 870 kr pr innbyggjar til kyrkja. Viss Meland hadde vore på snittet i den nye Alver, burde kyrkjebudsjettet opp til 768 pr innbyggjar. Viss løyvinga skulle opp på dette nivået ville soknerådet måtte be om mykje meir.

Meland og Austrheim er dei lettaste å samanlikne, fordi begge kommunane berre har ei kyrkje. Austrheim ligg lågast av dei andre kommunane i Nordhordland, men vesentleg over alle dei tre kommunane som skal bli Alver.



Kyrkja er ikkje ein avdeling av kommunen, men opererer med sjølvstending budsjett og rekneskap, og pleier ikkje kome med spørsmål om ekstraløyvingar i løpet av året.

Kyrkja merkar folkeauken i sitt daglege arbeid, på lik linje med dei kommunale etatane. Kommunen sitt økonomiske ansvar for den lokale kyrkja skal vere med å dekke desse oppgåvene (Kyrkjelova §15). Talet på dåp, konfirmasjonar og gravferder er aukande i takt med folketalsauken. Kyrkja har også fått nye oppgåver lagt på seg når kristendomsundervisninga vart teken ut av skulen og gjort til trusopppløring i kyrkja. Avtaleverket for kyrkjeleg tilsette vert meir og meir på linje med kommunalt tilsette, slik at det blir færre arbeidstimar for pengane. Talet på gudstenester har gått ned dei siste 10 åra i Meland, trass i at dei burde ha vore auka opp for å nå fram til fleire menneske og

**Adresse:**  
Postboks 117

**Tlf/faks**  
Tlf: 56171480  
Faks: 56171481

**E-post/Internett:**  
post@melandkyrkja.no  
[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

**Bankkonto / Org.nr.:**  
9999.99.99999  
976 995 406



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

nye område.

Når det gjeld administrasjon av kyrkjegardsdrifta, fører auka folketal også til fleire dødsfall og press på ledig grav-areal, som igjen krev meir innsats administrativt.

Det kyrkja har fått til av auka aktivitet og stillingar, har vorte betalt gjennom andre inntekter som øyremerka trusopplæringsmidlar og gåver, og gjennom tæring på oppsparte midlar.

Meland kyrkjelyd har ca. 200 frivillige som bidreg i ulike oppgåver og tenester. Vi har og ei aukande gjevartjeneste og denne utgjorde i 2016 340 000 kr. I tillegg fekk vi inn offer til eige arbeid på 150 000 og ein del andre gåver. Soknerådet vil jobbe aktivt for å auke gjevartenesta vidare. Men vi synes ikkje det er rett at vi må bruke av gåvemidlar for å dekke oppgåvene kommunen skal finansiere etter lovteksten i kl § 15. Dei oppsparte midlane vil bli avsett til det etterlengta kyrkjebygget på Frekhaug.

Å satse på frivillig arbeid er smart bruk av pengar. Når stillingsressursar blir brukt klokt til rekruttering og oppfølging av frivillig arbeid, kan det føre til mange fleire menneske i aktivitet enn det ein tilsett person kan utføre. Kyrkja har lang tradisjon for å jobbe på denne måten. Eit ønske er å få meir ressursar til trusopplæring for barn og unge, anna ungdomsarbeid og diakonalt (omsorg og fellesskapsbygging) arbeid for både unge og vaksne. Når kyrkja må bruke av eigne gåvemidlar til å finansiere oppgåver som gudstenester og gravferder, har det lett for å gå ut over oppfølginga av det frivillige arbeidet. Her ligg det store moglegheiter til å skaffe mange fleire hender enn det vi kan betale for, men det krev at dei frivillige blir sett og tatt vare på. Vi har mellom anna eit stort diakonalt arbeid på Møteplassen gjennom norskkurs og internasjonal kafe og treffstaden Open Møteplass driven av berre frivillige. Vi er redd for at det over tid vil bli stor slitasje om ikkje oppfølginga blir oppjustert.

## Driftstilskot:

### Prioritert liste over inndekking av kostnadsauke og framlegg til nye tiltak frå kyrkja

Nr.	Framlegg til tiltak	2019	Kommentar
1.	Pris og lønnsvekst	105	
2.	Fullfinansiering av organiststilling frå kommunal løyving	130	Kyrkja har kosta auken frå 80 til 100% stilling ved innsamla midlar sidan 2012.
3.	Auka kostnad rekneskapsføring	40	Kyrkjekontoret måtte skifte rekneskapsfører frå 2016.
4.	Kyrkjeverje-lønnsjustering	30	
5.	Diakonstilling	75	Omgjering av ungdomsarbeidarstillinga til diakonstilling.
6.	Modulbygg til dåpsakristi og konfirmasjonsopplegg søndagsskulen og trusopplæringstiltak.	65	Drift – årleg kostnad fram til nytt bygg på Frekhaug
<b>SUM</b>	<b>Sum framlegg i auke i årleg ramme</b>	<b>445</b>	

### Kommentarar til dei einskilde tiltaka:

Adresse:  
Postboks 117

Tlf/faks  
Tlf: 56171480  
Faks: 56171481

E-post/Internett:  
post@melandkyrkja.no  
[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

Bankkonto / Org.nr.:  
9999.99.99999  
976 995 406



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

1. For å ikkje i realiteten få nedskjæring, trengs det kompensasjon for pris og lønnsvekst prosentvis tilsvarande det kommunen legg opp til etter statsbudsjettet.
2. I 2012 vart organiststillinga auka opp til 100% stilling frå tidlegare 80% stilling. Det vart varsla til kommunen, og det har vorte gjenteke. Men driftstilskotet er framleis ikkje auka. Organiststillinga/kyrkjemusikarstillinga vart auka fordi det har vore kraftig auke i folketal som fører til auke i gravferder, konfirmasjonar og anna. Kommunen si plikt til å dekke organiststilling ligg i Kyrkjelova (heretter kl) § 15 c.

Inndecking av heile denne stillinga vil hjelpe soknerådet til å bruke 20% stilling av eigne midlar til anna kyrkjelydsarbeid, ikkje minst oppfølging av frivillige, og arbeid for barn og unge. (Sjå generell del)

3. Rekneskapsføringa og lønnsarbeidet har sidan kyrkjelova i 1997 vorte utført på delvis frivillig basis og med låg betaling til dei som gjorde det. I tillegg har kyrkja til liks med kommunen strenge krav om rekneskapsføring og rapportering, som kunne vere utfordrande å fylle. Det trongs ei endring, og økonomikontoret hjå kommunen kunne ikkje ta oppdraget. Det lågaste og beste tilbodet kom frå Akasia rekneskap AS. Kostnadsauken har ikkje vorte kompensert i driftstilskotet.
4. Kyrkjeverjestillinga burde etter ansvarsnivået vere lønna på linje med ein (etats-) leiar i kommunen.
5. Auka kompetanse og omgjerding av stilling. Ei slik kompetanseheving er ønskjeleg, og soknerådet omgjorde stillinga til ei diakonstilling.
6. Det er eit påtrengande behov for meir plass til søndagsskulen, trusopplæringstiltak for barn og unge som konfirmantundervisning. Inntil vi har fått ny kyrkje på Frekhaug kan modulbygg/brakke på Meland utan innlagt vatn vere ei løysing. Det vil kunne føre til at dåpsfamiliane får litt verdigare forhold, fordi søndagsskulen får sine eigne rom under gudstenesta. Med litt meir rom ved Meland kyrkje, er det lettare å planlegge andre type tiltak i og ved kyrkja, spesielt tiltak for barn og unge i trusopplæringa.

## Investering 2019

Nr.	Framlegg til tiltak	2019 eller seinare	Type tiltak
2.	Oppussing av tilbygg	500	Investering
5.	Ny løpar i midtgang	100	Investering

1. Tilbygget på kyrkja frå 1971 (ca 80 kvm BYA) har ikkje vorte vesentleg oppgradert sidan bygging. Det seier seg sjølv at eit nesten 50 år gammalt hus treng oppgradering. Romløysinga er prega av anna bruk og behov då det var bygd enn no. Slitasjen er stor. VVS-anlegget er svært utidsmessig. Bårerommet vart teke ut av bruk for mange år sidan og er no lager, «vaskerom» og «kjøkken». Kyrkjegardsrommet vart teke ut av bruk når lageret vart bygd ved øvre kyrkjegard. Ei mindre

Adresse:  
Postboks 117

Tlf/faks  
Tlf: 56171480  
Faks: 56171481

E-post/Internett:  
post@melandkyrkja.no  
[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

Bankkonto / Org.nr.:  
9999.99.99999  
976 995 406



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

ombygging vart gjort i 2015, då for å gje søndagsskulen litt meir plass og gje dåpsfolk litt meir dedikert plass i det gamle kyrkjegardsrommet.

2. Løparen i midtgangen i kyrkjerommet viser sterke teikn på slitasje. I samband med utskifting av varmeanlegget i 2019, har vi planar om å pusse ned og lakke golvet på nytt. Då ønskjer vi ikkje å legge på den gamle løparen.

Kommunen har med dei prioriterte prosjekta framover i sin investeringsplan for 2019 og økonomiplan for 2019-2022: Prosjekt 570 Utviding av kyrkjegard, prosjekt 578 Kjøp av sentrumsareal, 579 Nytt varmeanlegg og kabelnett og 581 Kyrkje.

## Tiltaka i kommunen sin investeringsplan vert her kort kommentert:

- Prosjekt 570 Utviding av kyrkjegard: Behovet for utviding av kyrkjegard er kjent og planlegginga er vedteken og sett igang.
- Prosjekt 578 Kjøp av sentrumsareal. Kjøpet av tomt er heilt avgjerande for å kome vidare i planlegging og motivasjon til frivillig innsats for eit kyrkje/kulturbygg, ikkje minst innsamlingsarbeid.
- 581 Arbeidskyrkje. Tiltaket er argumentert for i andre dokument.

## Innspel til økonomiplan 2019-2022

Nesten alle innspela til økonomiplanen ber preg av den pressa situasjonen Meland kyrkjelyd har utan ei meir egna kyrkje enn den eine på Meland. Noko fordi det eine bygget blir hardt pressa i kapasiteten og ein treng meir rom. Noko fordi bygget får stor innvendig slitasje pga intensiv bruk. Ei nybygging vil difor avlaste Meland kyrkje noko for det harde presset på ei 150 år gamal kyrkje

Sjå også førre avsnitt om prosjekt 570, 578, 579, 581 og 762 i kommunen sin investeringsplan.

Nr.	Framlegg til tiltak	2019 eller seinare	Type tiltak
1.	Maling av Meland kyrkje	500	Drift – eingongskostnad
2.	Nye puter i benkane	100	Investering

## Kommentar til einskildtiltaka:

1. Meland kyrkje vart sist mala i 2010. Spesielt tårnvegg mot vest viser teikn til malingsslitasje og råtne bord.
2. Putene i benkane i kyrkja er øydelagte. Det har vorte gjort fleire forsøk på utbetring utan hell.

Adresse:  
Postboks 117

Tlf/faks  
Tlf: 56171480  
Faks: 56171481

E-post/Internett:  
post@melandkyrkja.no  
[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

Bankkonto / Org.nr.:  
9999.99.99999  
976 995 406



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Vedtak:**

Budsjettinnspelet vart vedteke i Meland sokneråd 01.11.18.

Venleg helsing

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje

---

**Adresse:**  
Postboks 117

**Tlf/faks**  
Tlf: 56171480  
Faks: 56171481

**E-post/Internett:**  
post@melandkyrkja.no  
[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

**Bankkonto / Org.nr.:**  
9999.99.99999  
976 995 406